

---

**Fra:** Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>  
**Sendt:** fredag 7. juni 2019 14:50  
**Til:** sigrun.wolstad@hfk.no  
**Kopi:** Arne Eikefet  
**Emne:** SV: Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025, høyring og offentlig ettersyn

## **Vedr. Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025, høyring og offentlig ettersyn. Forholdet til marine kulturminne.**

Vi viser til e-post frå Lindås kommune, 21.05.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved start av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomst av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdes potensial for marine kulturminne.

Alverstraumen er eit såkalla prioritert område for marine kulturminne, av di vi reknar det som muleg å finne marine kulturminne her. Blant anna veit vi at denne delen av den indre leia var ei mykje nytta transportåre, særleg for varer frå Sogn og vidare nordover. Vi har ulike sjøfunn, bl. a frå Austrheim som viser dette.

Sjøområde like nord for Krabbeskjeret (sør for Alversundbrua). Her ble det gjort eit stort funn av kvernstein (505 stein, til saman vel 13 tonn) frå Hyllestad i 1990 (Askeladden ID: 89231-1: Alverstraumen). Funnet er heva og såleis borte. Krabbeskjeret har bolt som kan vere nytta til varping. Denne har derfor verneverdi.

Kvernflu, med kvernstein (uklart om denne er i Meland eller Lindås). Denne kvernsteinen, som er montert som sjømerke på flua, er geologisk analysert. Mineralet tyder på at den kommer frå Hyllestad, og steinen kan såleis stamme frå det store kvernsteinsfunnet i Alverstraumen, gjort i 1990.

Ved Uksebåsen, før inngangen til Straumane, finst fortøyingsboltar som kan knytast til passeringa av Alverstraumen. Området har kulturhistorisk verdi. Namnet Straumane tyder sjøstrekninga frå Alverstraumen til Kjelstraumen/Fonnesstraumen.

Sjøområde merka hamn v. plastfabrikken til Sellevold. Nokre fortøyingsboltar/ringar i området på holmane rundt tyder på at dette er eit sjøområde med moglege kulturminne. Alverstraumen- sjøområdet ved den gamle gjestgjeverstaden i dag, bakeri. Som ved sjøområdet ved plastfabrikken er dette eit område med moglege marine kulturminne. Fortøyningsboltar og -ringar på holmane rundt.

Museet kjenner ikkje til marine funn utanfor Knarvik. Det er likevel interessant å merke seg at stadnamnet Knarvik kjem frå Knarr som er eit stort handelsskip. Fleire stadnamn i Norge inneheld knarr, og kan gje ein indikasjon på stader som har blitt nytta til handel gjennom lengre periodar.

Ei konsekvensutreiing med tanke på marine kulturminne for alle kommunedelplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som ein uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdet store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil truleg planane også være meir konkrete i utforming og omfang.

Med venleg helsing,

**Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum**

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11

[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)

---

**Fra:** Arne Eikefet <[Arne.Eikefet@lindas.kommune.no](mailto:Arne.Eikefet@lindas.kommune.no)>

**Sendt:** tirsdag 21. mai 2019 14.09

**Til:** Postmottak Radøy <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>; Postmottak Meland <[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)>; Post Austrheim <[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)>; Post Gulen Postmottak <[postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)>; Post Masfjorden kommune <[Post@masfjorden.kommune.no](mailto:Post@masfjorden.kommune.no)>; [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no); [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no); [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no); Kjersti Isdal <[kjersti@nordhordland.net](mailto:kjersti@nordhordland.net)>; [sveinund.klyve@hfk.no](mailto:sveinund.klyve@hfk.no); [bergen.havnevesen@bergenhavn.no](mailto:bergen.havnevesen@bergenhavn.no); [bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no](mailto:bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no); [firmapost@bof.no](mailto:firmapost@bof.no); [post@mongstadvekst.no](mailto:post@mongstadvekst.no); [ccbmongstad@ccb.no](mailto:ccbmongstad@ccb.no); Bernt Vagstad ([bevag@equinor.com](mailto:bevag@equinor.com)) <[bevag@equinor.com](mailto:bevag@equinor.com)>; [firmapost@bkk.no](mailto:firmapost@bkk.no); [stein-erik.nossum@telenor.com](mailto:stein-erik.nossum@telenor.com); Bjarte Helle <[Bjarte.Helle@lindas.kommune.no](mailto:Bjarte.Helle@lindas.kommune.no)>; Silje Andvik Hoaas <[Silje.Andvik.Hoaas@lindas.kommune.no](mailto:Silje.Andvik.Hoaas@lindas.kommune.no)>; Postmottak Regionrådet <[post@nordhordland.net](mailto:post@nordhordland.net)>

**Emne:** Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025, høyring og offentlig ettersyn

Til

Radøy kommune  
Meland kommune  
Austrheim kommune  
Gulen kommune  
Masfjorden kommune  
Fylkesmannen i Vestland  
Mattilsynet  
Hordaland Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune Vassregionmyndighet  
Nordhordland utviklingsselskap, prosjektleder/vassområdekoordinator Nordhordland  
Bergen Havn  
Bergens Sjøfartsmuseum  
Bergen og Omland Friluftsråd  
Mongstad Vekst  
Mongstad Base  
Equinor Mongstad  
BKK  
Telenor  
Lindås Tomteselskap  
Nordhordland utviklingsselskap

## **Temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019-2025 – høyring og offentlig ettersyn**

Formannskapet i Lindås kommune vedtok den 16.05.2019 å leggje framlegg til temaplan for kommunal infrastruktur; vatn, avløp og veg i Lindås 2019 – 2025, ut til offentlig høyring og ettersyn i 3 veker.

Framlegget er ei oppdatering og samordning av eksisterande planar for vassforsyning, avløpshandtering og kommunale veganlegg i det som i dag er Lindås kommune.

Høyringsutkastet finn du som vedlegg her. Utkastet ligg også på kommunen si heimeside, under Politikk og høyringar.

Uttale til planen kan sendast til **postmottak@lindas.kommune.no**  
Merk uttalen: Høyring temaplan VVA

**Høyringsfrist er 9. juni 2019.**

Mvh

**Arne Eikefet** | Prosjektleder infrastruktur og samferdsel

E-post: [are@lindas.kommune.no](mailto:are@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 975 26 136

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

